

---

Saksnr: 2020/45559-10  
Saksbehandlar: Eli Marita Vik Næss  
Dato: 20.05.2021

---

---

**Til:** Sekretariat for kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet - status og vidare arbeid

### Bakgrunn

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 80/2018 i møte 03.10.2018:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.
3. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
4. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
5. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet
6. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.
7. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.
9. Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringar i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgt opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve og ved 3 tidlegare høve av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, der det i møte i kontrollutvalet 15.02.2021 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at ein er komme noko lenger i forbetningsarbeidet enn ved førre rapportering når det gjeld forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 3, 6, 7 og 8 til møte i utvalet 14.06.2021, med frist for levering til sekretariatet innan 25.05.2021.
3. Kontrollutvalet ber også om at det for kvart av punkta der det er formuleringar som; ...vil bli lagt til grunn ved revisjon..., ....vil bli utarbeidde og lagt inn..., ....under utarbeiding..., Når VegCIM er klar til bruk..., Det er planlagt kurs i Veg CIM..., ... er det under etablering..., og .... lenge venta på ei avklaring, vert oppgjeve tidspunkt for når dei enskilde tiltaka er ferdig sett i verk, jf. punkt 10 i vedtaket i fylkestinget 03.10.2018.

Status og tidsplan for tiltak 3, 6, 7 og 8

### **Tiltak 3: Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid**

Fylkesrådmannen har utarbeidd overordna beredskapsplan for Vestland fylkeskommune. Den overordna beredskapsplanen og gjennomførte ROS-analysar, vil bli lagt til grunn ved revisjon av avdelingsvise beredskapsplanar på INV og MOK. Oppdatering av planverk skal ha årleg revidering. Etter handtering av ei krise skal verksemda så raskt som mogleg attende til normal drift. Beredskapsarbeidet evaluerast for å trekke lærdom av handteringa, og avdekke om det er behov for å justere planverk.

Overordna beredskapsplan er eit styrande dokument for beredskapsarbeidet i Vlfk. Denne planen definerer at oppdatering av beredskapsplanverk skal ha årleg revidering (innan 31.12 aa). I tillegg skal planverket gåast gjennom etter hendingar eller store øvingar, eller ved ny risiko- og sårbarheitsanalyse. Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vlfk er under arbeidet, og skal ferdigstillast innan juli 2021. ROS-analysar skal reviderast årleg, og ny analyse utførast kvart fjerde år.

**Tiltak 6: Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørge for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottak opplæring knytt til eigen rolle.**

I overordna beredskapsplan pkt 4.7 Kultur for beredskap står følgande:

*Alle tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere kjent med den lokale beredskapsplanen som gjeld for sin arbeidsstad. Alle med leiaransvar i Vestland fylkeskommune skal vere kjent med overordna beredskapsplan. Dette skal inngå i opplæringa ved tilsetting.*

#### ***Den enkelte tilsette skal:***

- *kjenne sine egne oppgåver i ein krise-/ulykkessituasjon*
- *kjenne Vestland fylkeskommune sine oppgåver i ei krise-/ulykkessituasjon*
- *kjenne varslingsrutinar internt i eininga, og dei overordna varslingsrutinar for fylkeskommunen*
- *kjenne til huseigar/utleigar sin eventuelle beredskaps-/evakueringsplanar*

#### ***Tilsette med spesiell rolle i beredskapsarbeidet skal:***

- *øve spesielt på si eiga rolle*
- *trene på varsling, organisering og handtering*

#### ***Tilsette som har ein leiarfunksjon i ein krise-/ulykkessituasjon, skal:***

- *gjennomføre skrivebordsøving/planspill årleg*
- *gjennomføre varslingsøving, minimum ein gong pr. år*
- *øve på informasjonsberedskap (gjelder spesielt tilsette som vil ha ei rolle ovafor media, dei bør få reell trening)*

Opplæring av tilsette vil bli gjennomført i løpet av 2021.

Sivil transportberedskap er eit område som vil krevje samarbeid på tvers av sektorar. Det er frå

beredskapsleiar sett i verk månedlege møte mellom INV, MOK (mobilitet og kollektiv), med underreiningane Skyss og Bybanen utbygging. Møta fokuserer på erfaringsutveksling, og utvikling av tverrsektoriell beredskap. Årshjul for øving og øvingsplanlegging vil vere eit viktig tema framover, og det vil planleggast med ein tverrsektoriell øving medio 2022.

### **Tiltak 7: Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap**

MOK har regelmessig kontakt med kommunane i Vestland om kollektivtilbodet, både det eksisterande og utviklingstrendar. I desse møta vil det vera naturleg å ta opp tema knytt til beredskap. Ettersom kommunane har det primære beredskapsansvaret innan den einskilde kommune, så kviler det eit ansvar på dei for å ta opp denne type problemstillingar.

Det er etablert er samarbeidsforum for beredskapsarbeid mellom fylkeskommunane på overordna nivå. Dette forumet er forankra i KS sitt rådmannsutval. Forumet har møte to gonger i måneden, og har fokus på fagleg utvikling og felles problemstillingar. Her er m.a. Sivil transportberedskap teke opp som ei sak med samferdsledepartementet, der det trengs avklaringar. Frå Vestland fylkeskommune deltek fylkesrådmannen sin beredskapskoordinator i dette forumet.

På vegsida er det etablert eit beredskapsforum mellom fylkeskommunane. Her vil INV sin beredskapskoordinator delta.

Det er jamleg kontakt med kommunane om beredskapsarbeid gjennom Statsforvaltaren (tidlegare fylkesmannen) sitt fylkesberedskapsråd. Her deltek også andre beredskapsorganisasjonar som Helse, Førde, politi, brann og redning, Statens vegvesen m.m.

### **Tiltak 8: Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen**

For Vestland fylkeskommune vil det vere mest aktuelt å samarbeide med dei transportørane vi har kontraktar med, dvs. busselskap, ferjeselskap, snøggbåtselskap og drosjenæringa. Skyss gjennomfører jamlege kontraktsmøte med våre operatørar på buss, båt og ferje.

Frå 2015 overtok Statens vegvesen ansvaret for å skrive ut gods- og turvognløyver. Søknader om slike løyve skal handsamast av Statens vegvesen. Gods- og turvognløyve vert i dag registrert i Statens vegvesen sitt transportregister. Fylkeskommunen har ikkje lengre oversikt over gods- og turvognløyva i fylket. Det er ikkje samsvar mellom forskrift om siviltransportberedskap og etablert praksis på dette området.

Statens vegvesen har også det overordna ansvaret for løyver for riksvegferjer og for ruteløyve som kryssar fylkesgrenser. Løyvemynde for riksvegferjene er delegert til Vegdirektoratet medan ruteløyve som kryssar fylkesgrenser er delegert til fylkeskommunane.

MOK har laupande kontakt med drosjeløyvehavarane og sentralane i fylket og har lister over alle aktørane.

Tidlegare var fylkeskommunane ein sentral aktør i det regionale beredskapsarbeidet, og førte m.a. oversikter over transportørar og verkstader. Etter omorganiseringa av den sivile transportberedskapen vart dette arbeidet tona kraftig ned, og det vart slutt på dei regelbundne øvingane og møta med dei private aktørane. Dette er dei sentrale beredskapsorgana kjente med, og sjølv om den endra praksisen ikkje er heimla i lovverket, har fylkeskommunane ikkje fått reaksjonar på dette. Me har lenge venta på ei klargjering av desse tilhøva frå departementet, og som nemnt under pkt.7 er dette ei utfordring fylkeskommunane samla ynskjer ei avklaring på.